



# Kommunedelplan for Dale – endring Øyra og Vollamyra

---

## Planomtale

|                       |            |
|-----------------------|------------|
| <b>Plandato:</b>      | 15.09.2020 |
| <b>Sist revidert:</b> |            |
| <b>Godkjent:</b>      |            |
| <b>PlanID:</b>        | 202001     |

## Innholdsliste

---

|           |   |           |
|-----------|---|-----------|
| <b>1.</b> | <b>Innleiing .....</b>                                  | <b>1</b>  |
| 1.1       | Bakgrunn .....  | 1         |
| 1.2       | Planprosess .....                                       | 1         |
| 1.3       | Konsekvensutgreiing .....                               | 2         |
| <b>2.</b> | <b>Rammer og premiss for planarbeidet .....</b>         | <b>3</b>  |
| 2.1       | Nasjonale føringar .....                                | 3         |
| 2.1.1     | Gravferdslova .....                                     | 3         |
| 2.1.2     | Gravferdsforskrifta .....                               | 3         |
| 2.2       | Regionale føringar .....                                | 3         |
| 2.3       | Kommunale føringar .....                                | 3         |
| 2.3.1     | Kommunedelplan for Dale .....                           | 4         |
| <b>3.</b> | <b>Skildring av planområdet .....</b>                   | <b>6</b>  |
| 3.1       | Plassering, planavgrensing og bruk av planområdet ..... | 6         |
| 3.2       | Topografi, landskapstrekk og vegetasjon .....           | 18        |
| 3.3       | Eigedom og eigarforhold .....                           | 20        |
| 3.4       | Eksisterande infrastruktur innanfor planområdet .....   | 21        |
| 3.5       | Kjente registreringar .....                             | 22        |
| 3.5.1     | Kulturmiljø/kulturminne/Sefrak-registreringar .....     | 22        |
| 3.5.2     | Naturverdiar .....                                      | 22        |
| 3.5.3     | Skred- og flaumkartlegging .....                        | 23        |
| 3.5.4     | Radon .....   | 25        |
| 3.5.5     | Støy .....  | 26        |
| 3.5.6     | Vass- og grunnforureining .....                         | 27        |
| 3.5.7     | Grunnforhold .....                                      | 27        |
| 3.5.8     | Jordressursar/landbruk/skogbruk .....                   | 30        |
| 3.5.10    | Friluftareal, rekreasjonsverdi og bruk .....            | 30        |
| 3.5.11    | Risiko- og sårbarheitsanalyse .....                     | 31        |
| 3.6       | Lokaliseringsfaktorar .....                             | 32        |
| <b>4.</b> | <b>Skildring av planforslaget .....</b>                 | <b>33</b> |
| 4.1       | Endringar i forhold til gjeldande planar .....          | 33        |
| 4.2       | Arealrekneskap .....                                    | 33        |
| 4.3       | Plankart .....  | 34        |
| 4.4       | Arealføremål (pbl § 11-7) .....                         | 34        |

---

|            |   |           |
|------------|---|-----------|
| 4.4.1      | Bebyggelse og anlegg (pbl § 11-7 nr. 1) .....   | 34        |
| 4.4.2      | Samferdslesanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7 nr. 2) .....   | 35        |
| 4.4.3      | Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl § 11-7 nr. 6) .....  | 35        |
| <b>4.5</b> | <b>Omsynssoner (pbl § 11-8) .....</b>   | <b>35</b> |
| 4.5.1      | Sikrings- støy og faresoner (pbl § 11-8 a) .....  | 35        |
| 4.5.2      | Sone med særleg krav til infrastruktur med oppgjeving av type infrastruktur(pbl § 11-8 b) .....   | 36        |
| 4.5.3      | Sone med særleg omsyn til landbruk, reindrift, mineralressursar, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med oppgjeving av interesse (pbl § 11-8 c) ..... | 36        |
| 4.5.4      | Sone med krav om felles planlegging for fleire eigedomar, herunder med særlege samarbeids- eller eigarformer, samt omforming og fornying (pbl § 11-8 e).....  | 36        |
| 4.5.5      | Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde uendra (pbl § 11-8 f) .....   | 36        |
| <b>4.6</b> | <b>Rekkefølgjeføresegner .....</b>  | <b>36</b> |
| 4.4.1      | Flaumsikring .....  | 36        |
| 4.4.2      | Geoteknisk undersøking.....   | 37        |
| 4.4.3      | Støy.....   | 37        |
| <b>5.</b>  | <b>Konsekvensutgreiing (KU) .....</b>   | <b>38</b> |
| <b>5.1</b> | <b>Metode.....</b>  | <b>38</b> |
| <b>5.2</b> | <b>Utgreidde område.....</b>  | <b>40</b> |
| 5.2.1      | Øyra og Dale kyrkjegard .....   | 40        |
| 5.2.2      | Vollamyra .....   | 45        |
| <b>5.2</b> | <b>Vurdering etter Naturmangfoldlova .....</b>  | <b>48</b> |
| <b>5.</b>  | <b>Vurdering av innkomne merknadar .....</b>  | <b>50</b> |
| <b>6.</b>  | <b>Forslagsstillar sine eigne vurderingar .....</b>   | <b>58</b> |

---

# 1. Innleiing

---

## 1.1 Bakgrunn

Dale kyrkje og kyrkjegard ligg ved utløpet av Storelva, der denne renn ut i Dalsfjorden. Den gamle kyrkja er ei kvitmalt, tømra langkyrkje frå 1864. Kyrkjegarden ligg rundt kyrkja omkransa av ein vakker natursteinsmur. Mot Dalselva dannar natursteinsmuren vern mot elva som ligg 3 meter lågare enn gravplassen. Den gamle gravplassen er snart oppbrukt og Dale treng nye graver. Eksisterande gravplass ligg klemmt mellom vegen og elva og kan ikkje utvidast direkte.

I eksisterande kommunedelplan for Dale, vedteken 07.09.2015, er det avsett areal til ny gravplass ved Vollamyra. I kommunestyremøte 16.11.2015 vart det vedteke oppstart av planendring for delar av kommunedelplan for Dale. Endringa gjeld gravplasslokalisering på Øyra i staden for Vollamyra. Endringa inneber også avsetting av areal langs Storelva til framtidig flaumvoll og erosjonssikring. Området på Vollamyra skal settast av til framtidig kombinert arealføremål tenesteyting/bustad.

Gravene på den eksisterande gravplassen har ulik storleik og er tilfeldig nummerert. Dette gjev forvaltninga svært krevjande. Ein del gravrekker oppfyller ikkje minimumskravet på 2,40 m mellom rekkene. Tidlegare var ei grav minimum 1,20 x 2,40 m. På nye gravplassar er kravet 1,50 x 3,00 m.

Dale gravplass har ikkje ledig gravareal, berre gjenbruk av sletta graver inn i mellom festa graver på dei ulike felta. For å kunne omregulere gravplassen må den stengast i ein periode.


Gravplassen oppfyller ikkje kravet i lov om gravplass § 2, som seier at det i kvar kommune skal vere ein eller fleire gravplassar av slik storleik at det til ei kvar tid er ledige graver for minst 3 % av kommunen sine innbyggjarar. I Fjaler sitt tilfelle utgjer dette 85 personar (2822 innbyggjarar pr juli 2020).

## 1.2 Planprosess

Det blei varsla oppstart av planarbeidet 09.12.2015. Samtidig med oppstartsvarselet blei planprogrammet sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Frist for å komme med innspel eller merknadar til planprogrammet eller oppstartsvarselet blei sett til 26.02.2016.

Planprogrammet blei vedteke i kommunestyret i sak 028/16 den 14.03.2016.

Som følgje av flaumkartlegging av Storelva i 2017 og 2018 blei det avdekket eit behov for opparbeiding av flaumvoll langs Storelva, for å kunne nytte Øyra som gravplass. På grunn av flaumvollen si utstrekking, blei det varsla utvida plangrense i mai 2020. Plangrenser frå oppstart og utviding går fram av figur 1 under.



Figur 1 - Plangrense

### 1.3 Konsekvensutgreiing

Det er gjort ei grundig vurdering om endringa av kommunedelplanen krev konsekvensutgreiing og planprogram, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar (FOR-2014-12-19-1726).

Endringa av kommunedelplanen omfattar nye områder for utbygging, og vil derfor krevje konsekvensutgreiing og planprogram, jf. § 2 punkt c.

## 2. Rammer og premisser for planarbeidet

---

### 2.1 Nasjonale føringer

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- SPR for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2011)
- RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (1995)
- Naturmangfaldlova
- Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova)
- Forskrift til gravferdslova (gravferdsforskrifta)

#### 2.1.1 Gravferdslova

Gravferdslova § 2 seier at i kvar kommune skal det vere ein eller fleire gravplassar av slik storleik at det til ei kvar tid er ledige graver for minst 3 % av kommunen sine innbyggjarar.

#### 2.1.2 Gravferdsforskrifta

Gravferdsforskrifta § 2 seier at kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplass og skal sjølv, i samråd med kyrkjeleg fellesråd (Fjaler sokneråd), regulere slikt areal etter § 12 i plan- og bygningslova. Regulert areal til ny gravplass eller utviding av gravplass skal om mogleg også omfatte ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal skjermast mot støy i samsvar med gjeldande retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Bispedømerådet skal som statleg fagmynde ha anledning til å uttale seg før kommunen gjer vedtak.

Anlegg, utviding og vesentleg endring av gravplass skal skje i samsvar med plan for gravplassen som vedtakast av kyrkjeleg fellesråd (Fjaler sokneråd) og godkjennast av bispedømerådet, jf. gravferdslova § 4. Ved anlegg, utviding og vesentleg endring skal behovet for særskilt tilrettelagde graver vurderast. Helsefagleg mynde i kommunen skal gjevast anledning til å uttale seg om plan for gravplassen før vedtak fattast.

Kyrkjeleg fellesråd (Fjaler sokneråd) er ansvarleg for utarbeiding av plan for gravplassen og gravkart og for igangsetting av arbeidet.

### 2.2 Regionale føringer

- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018-2022
- Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027
- Fylkesdelplan for landbruk
- Regional plan for folkehelse 2015-2025
- Fylkesdelplan for arealbruk - sjekklister

### 2.3 Kommunale føringer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014-2025


- Kommunedelplan for Dale
- Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
- Kommunal planstrategi 2020-2023
- Kommunedelplan for energi, klima og miljø 2010-2014
- Kommunal VA-norm

### 2.3.1 Kommunedelplan for Dale

I kommunedelplan for Dale er planområdet avsett til arealføremål

- offentlig eller privat tenesteyting
- grav- og urnelund (noverande)
- grønstruktur, bustadområde
- veg
- parkeringsplass
- naturområde
- LNF-område
- andre typar bebyggelse og anlegg.

Figur 2 under syner planavgrensinga for endring av kommunedelplan for Dale, markert med svart stipla linje.



Figur 2 – Utklipp frå kommunedelplan for Dale

Det er kommunedelplan for Dale som er styrande for arealbruken for planområdet. Området på Vollamyra (G1) er avsett til framtidig grav- og urnelund. Noverande kyrkjegard og gravplass er avsett til grav- og urnelund. Bedehuset (Ljosheim) er avsett til offentleg eller privat tenesteyting. Kommunal pumpestasjon på Øyra er avsett til andre typar bebyggelse og anlegg. Elvetun barnehage er avsett til offentleg eller privat tenesteyting. Området på Øyra og beltet langs Storelva er avsett til grønstruktur. Storelva er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag – naturområde. Delar av området på Øyra og Steia er avsett til bustadføremål. Området på Steia, på sørsida av Storelva, er avsett til LNF-område. Jakob Sandes veg er avsett til veg. Eksisterande parkeringsplass ved Dale kyrkje er avsett til parkering.

### 3. Skildring av planområdet

---

#### 3.1 Plassering, planavgrensing og bruk av planområdet


Planområdet er lokalisert på vestsida av Dale sentrum, og strekk seg frå Dale kyrkjegard i aust, over Storelva til Øyra, og vidare opp langs Storelva. Området består i dag av Dale kyrkje og kyrkjegard, Ljosheim bedehus, Elvetun barnehage, kommunal pumpestasjon, landbruksareal på Vollamyra og Storelva.

Nord for planområdet på Øyra er det eit bustadområde med private einebustadar og kommunale bustadar. Aust for planområdet på Øyra skil den kommunale vegen Dalstunet planområdet og Dale sentrum. Sør for planområdet på Øyra ligg klokkargarden, Fjaler ungdomsskule og Trudvang.

Planområdet på Vollamyra er avgrensa av Hatledalselva i vest, klokkargarden og Fjaler ungdomsskule i nord, fylkesveg 57 i aust og bustad/tenesteyting/næringsområde ved Jarstadvegen i sør.

Øyra er i dag brukt til parkeringsplass, lagringsplass for båtar og campingvogner, lagringsplass for diverse byggematerialer, landingsplass for helikopter og plass for mellombelse bustadbrakker i samband med større byggeprosjekt i nærområdet. Området er også nytta til sirkus/tivoli ved fleire høver.

Vollamyra er i dag brukt til fulldyrka jordbruksareal.



Figur 3 – Planavgrensing (grunnkart)



Figur 4 – Planavgrensing (ortofoto)



Figur 5 - Forklaring til bilder



Figur 6 – Dale kyrkje og Storelva



Figur 7 – Kommunalt avløpsreanseanlegg



Figur 8 - Øyra



Figur 9 - Øyra



Figur 10 – Øyra og Elvetun barnehage



Figur 11 - Storelva



Figur 12 - Storelva



Figur 13 – Parkeringsplass




Figur 14 – Øyra

### 3.2 Topografi, landskapstrekk og vegetasjon

Øyra ligg på eit flatt område ved utløpet der Storelva renn ut i Dalsfjorden. Øyra er ein del av eit større flatt område, som strekk seg frå Dingemoen og Steia i sør og austover mot Yksnebjør. Landskapet er truleg forma av elva som ei elveslette, der fallet er lite og hastigheita på vatnet er låg. Her har elva avsett sediment i flaumperiodar og danna flate elvesletter. Området på Øyra har ei høgde over havet som varierar mellom 1,5 og 2,5 m.

Området består av lite vegetasjon, med unntak av kantvegetasjon langs Storelva. Vegetasjonen her består av grønne grasflater og tett lauvskog.

Vollamyra ligg også innanfor dette flate partiet langs Storelva, men ligg i randsona til denne elvesletta. Mot sør stig terrenget bratt opp mot Trudvang (ungdomshus) og Fv. 57. Området består av lite eller ingen vegetasjon. Området på Vollamyra har ei høgde over havet som varierar mellom 4,5 og 5,5 m.



Figur 15 – Topografi og landskap 3D (Kommunekart)




Figur 16 - Topografi, høgdedata (Kartverket)

### 3.3 Eigedom og eigarforhold

Planområdet omfattar følgjande eigedomar:

| <b>Eigedom (gbnr)</b> | <b>Grunneigar</b>  |
|-----------------------|--|
| 63/6                  | Fjaler kommune   |
| 63/37                 | Aud Henriette Sunde og Eirik Gisle Sunde   |
| 63/122                | Oddbjørn Bjordal   |
| 63/123                | Marianne Kalleklev Haukøy, Jorna Karete Mehammer, David Rakneberg, Grethe Oliva Rakneberg, Magnus Rakneberg  |
| 63/187                | Fjaler kommune   |
| 63/199                | Frida Johanne Lundevall, Hans Kristian Lundevall, David Rakneberg, Kristoffer Rakneberg, Magnus Rakneberg, Steinar Rakneberg, Sunniva Ones Rakneberg, Tiril Ones Rakneberg |
| 63/221                | Fjaler kommune   |
| 63/222                | Britt Sissel Tessem og Geir Magne Tessem   |
| 63/253                | Sylvi Gunnvor Hovland  |
| 63/261                | AUWI AS  |
| 64/10                 | Geir Harald Langeland og Evy Solheim   |
| 64/18                 | Knut Os  |
| 64/57                 | Fjaler Sogn  |
| 64/6                  | Fjaler kommune   |
| 64/7                  | Per Ove Stenseth   |
| 64/8                  | Petter Nikolai Eikevik og Marit Risnes   |
| 64/45                 | Jakob Sande selskapet  |
| 64/136                | Statens vegvesen Region Vest og Vestland fylkeskommune   |



Figur 17 - Eigdomsforhold

### 3.4 Eksisterande infrastruktur innanfor planområdet

Området på Øyra har vegtilkomst frå kommunal veg Bjerga, ved kommunal pumpestasjon i nord. Elvetun barnehage har vegtilkomst via kommunal veg frå avkøyrslø ved pumpestasjon og langs plangrensa i nord.

Innanfor området på Øyra går det ein kommunal avløpsleidning over Storelva i sør, kryssar Øyra i nordvestleg retning, og går inn i kommunal pumpestasjon i nord. Ved Ljosheim (bedehus) går det ein kommunal avløpsleidning i nordleg retning ned mot Storelva og endar opp i ein mindre pumpestasjon.


Det kryssar også ein kommunal vassleidning over Storelva i nordvestleg retning mot Bjergelia.

Området på Vollamyra har vegtilkomst via traktorveg frå Jarstadvegen i sør.

Langs plangrensa i vest går det ein kommunal avløpsleidning og vassleidning. Langs plangrensa i nord går det ein kommunal avløpsleidning.

I figur 18 er vassleidning synt med blå heiltrukka linje, mens avløpsleidning er merka med grøn stipla linje.

Det går ikkje høgspenlinje innanfor planområdet.



Figur 18 - Teknisk infrastruktur

### 3.5 Kjente registreringar

#### 3.5.1 Kulturmiljø/kulturminne/Sefrak-registreringar

Det er ikkje registrert kulturmiljø, kulturminne eller Sefrak-registreringar innanfor planområdet, jf. Riksantikvaren sin database «Askeladden». I nærleiken av planområdet er det registrert eit automatisk freda busetnad-aktivitetsområde på Steia, freda kyrkjestad kring Dale kyrkje og eit vedtaksfreda gardstun ved Granden.

#### 3.5.2 Naturverdiar

Norconsult AS gjennomførte i mai 2020 ei naturkartlegging av området langs Storelva. Randsona mot elva er dominert av lauvtre som platanlønn, bjørk, selje og hegg. Artar knytt til våtmark er mjøduert, strandrøyr, evjebloom og vendelrot. Artar knytt til dyrka mark er til dømes engkarse, marikåpe, løvetann. Det er lagt tørrmur som del av flaumsikring heilt ut mot elva noko som gjev lite våtmarksvegetasjon. Platanlønn er definert som framandart. På autsida av elva veks det nokre asketre som er raudlista som sårbar (VU).


Det er ikkje gjort funn av viktige naturverdiar som er i konflikt med planane om ny gravplass på Øyra. Innanfor området som er undersøkt så er det øyene i øvste del av elva som har størst verdi. Elva med kantsone får middels verdi, jf. verdivurdering etter Statens vegvesen si handbok V712.

### 3.5.3 Skred- og flaumkartlegging


Planområdet ligg ikkje innanfor aktsemdssonar for skredfare, jf. NVE Atlas.

Flaumfaren innanfor planområdet er grundig kartlagt. I 2017 gjennomførte Sweco ei flaumfarekartlegging av Dalselva og Hatledalselva ved å bruke ein 1D-modell. Kartlegginga konkluderte med at heile Øyra og Vollamyra ville stå under vatn ved ein 200-års flaum inkludert 40% klimapåslag og tryggleiksmargin.

I samband med forprosjekt for ny gravplass på Øyra og planlagt flaumvoll gjennomførte Norconsult ei ny flaumfarekartlegging ved bruk av 2D-modell. Også denne kartlegginga konkluderte med at Øyra vil stå under vatn ved ein 200-års flaum inkludert 40% klimapåslag.



Figur 19 - Flomsone Q200 med klimapåslag og tryggleiksmargin for Storelva og Hatledalselva (Sweco, 2017)




Figur 20 - Flaumsone Q200 med klimapåslag for Storelva (Norconsult, 2018)

Heile planområdet ligg innanfor marin grense. Dette vil sei at det kan vere potensiale for marin leire. Marin leire kan føre til kvikkleireskred. I samband med detaljreguleringsplan må det derfor gjerast ei geoteknisk undersøking for å kartlegge om grunnen er trygg å bygge på.

#### 3.5.4 Radon

Det er ikkje registrert høge verdiar for radongass innanfor planområdet, jf. NGU si kartløyning. Kartlegginga seier at planområdet ligg innanfor eit område med usikker aktsemdsgrad (grå) for radon. Ser ein på radonkartlegging i det omkringliggende området i Dale, så ligg det på moderat til låg aktsemdsgrad (gul). Det er derfor grunn til å tru at radonnivået på Øyra og Vollamyra ikkje vil ligge vesentleg høgare enn moderat til låg aktsemdsgrad. Nye bygg for varig opphald skal uansett byggast etter TEK17, med tanke på radonsikring.



Figur 21 – Aktsemdsgrad for radon (NGU)

### 3.5.5 Støy


Delar av planområdet på Vollamyra ligg nært opp mot Fv. 57. Langs Fv. 57 har Statens vegvesen kartlagt støy etter retninglinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Støyvarselkarta viser berekna raud ( $L_{den} > 65\text{dB}$ ) og gul ( $L_{den} > 55\text{dB}$ ) støysoner langs Fv. 57. Kartet viser ein prognosesituasjon 15-20 år fram i tid. Dette vil sei at trafikkvolum (ÅDT), som er ein del av dei viktigaste parametra i støyberekningsmodellen, er framskrive (basert på prognosar) til oppgjve berekningsår. Berekningshøgde er 4 meter.

Gul sone er ei vurderingssone der nye bygningar kan oppførast dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold.

Raud sone er ei sone der det ikkje tillatast arealbruk med støyfølsamt bruksføremål.

Området på Øyra ligg nært opp mot den kommunale vegen Bjerga, som sikrar vegtilkomst til bustadområda på Bjerga, Bjergelandet, Bjergelia, Langehogen og Bortnheim. Det er ikkje

kartlagt trafikkvolum (ÅDT) på vegen, så støy frå vegtrafikk på området er derfor usikkert. I samband med detaljreguleringsplan skal det derfor gjerast ei støyberekning langs den kommunale vegen Bjerga.




Figur 22 – Støykartlegging fv 57 (Statens vegvesen)

### 3.5.6 Vass- og grunnforureining

Det er ikkje registrert område med forureina grunn eller vatn innanfor planområdet, jf. Miljødirektoratet sin database «Grunnforureining». Det er heller ikkje grunn til å tru at det skal vere risiko for ureina grunn i området.


### 3.5.7 Grunnforhold

NGU sitt berggrunnskart syner at området på Vollamyra og delar av området på Øyra ligg på metasandstein og glimmerskifer. Dette er lys, finkorna kvarts-feltspat-gneis (meta-arkose) med soner av kvartsitt og glimmerskifer. Nordleg del av Øyra ligg på amfibolitt og glimmerskifer.



Figur 23 - Berggrunnskart (NGU)

NGU sitt lausmassekart syner at heile planområdet ligg på lausmassar av breelvasetting (glasifluvial avsetting). Materialet er transportert og avsett av breelver. Sedimenta består av sorterte, ofte skråstilte lag av forskjellig kornstorleik frå fin sand til stein og blokk. Breelvasettingar har ofte klare overflateformer som terrassar, ryggar og vifter. Mektigheita er ofte fleire ti-tals meter.




Figur 24 - Lausmassekart (NGU)

Planområdet ligg innanfor marin grense. Det kan derfor vere førekomstar av marin leire.

### 3.5.8 Jordressursar/landbruk/skogbruk

Delar av området på Øyra, langs Storelva, er i dag nytta til fulldyrka jord. Området er lite, usamanhengande og ligg plassert midt i Dale sentrum. Det vert derfor vurdert til å ha liten verdi som landbruksareal.

Området på Vollamyra er hovudsakleg fulldyrka jord, med unntak av skråning mot Fv. 57. Området ligg nært tilknytt landbruksareal på Steia og ved Jarstadvegen, men Hatledalselva skil området frå det større landsbruksarealet på Steia. Området er i kommunedelplan for Dale avsett til framtidig gravplass, så jordbruksarealet er allereie omdisponert til utbyggingsføreml. Verdien av området som landbruksareal vert derfor vurdert som middels.



Figur 25 - Jordressursar (NIBIO AR5-base)

### 3.5.10 Friluftareal, rekreasjonsverdi og bruk

Fjaler kommune gjennomførte i 2019 ei kartlegging av friluftlivsområder i kommunen.

På Øyra er det registrert eit leike- og rekreasjonsområde ved Elvetun barnehage og område kring barnehagen. Det er også registrert ein grønkorridor frå brua over Storelva, langs elva og rundt barnehagen. Begge registreringane er klassifisert som viktige friluftslivsområder. Storelva er registrert som strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Dette området er klassifisert med ein lågare verdi.

På Vollamyra er det ikkje registrert friluftslivsområder, men i nærleiken av planområdet er det registrert to leike- og rekreasjonsområde (fotballbane ved Fjaler ungdomsskule og tusenårsstaden/Jakob Sande tunet).



Figur 26 - Kartlegging av friluftslivsområder (Kommunekart.com)

### 3.5.11 Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det er gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med planarbeidet. ROS-analyse avdekkar eit behov for flaumsikring av Storelva og Hatledalselva og byggegrense mot elv som følgje av erosjon. Dette er følgt opp i plankart og føresegner, der det er sett av areal til flaumvoll langs Storelva.

### **3.6 Lokaliseringsfaktorar**

Den nye gravplassen vert lokalisert i nær tilknytning til eksisterande gravplass ved Dale kyrkje. Dette vil vere gunstig med tanke på drift og vedlikehald av gravplassane.

## 4. Skildring av planforslaget

### 4.1 Endringar i forhold til gjeldande planar

I planframlegget for endring av kommunedelplan for Dale er det sett av eit større eit mindre område langs Storelva til trase for teknisk infrastruktur (STI1 og STI2). Dette er areal som er tenkt brukt til elveforbygging og flaumvoll. Dette arealet er i gjeldande kommunedelplan avsett til grønstruktur, andre typar bebyggelse og anlegg og offentleg eller privat tenesteyting. Arealavgrensinga baserar seg på forprosjekt utarbeidd av Norconsult i 2018.

Det er sett av eitt areal til framtidig grav- og urnelund (BGU2). Dette arealet er i gjeldande kommunedelplan avsett til grønstruktur. Arealavgrensinga baserar seg på forprosjekt utarbeidd av Norconsult i 2018. Det er også teke med eit areal mot nordvest til mogleg framtidig parkeringsareal. Dette må nærare vurderast i detaljreguleringsplan.

Noverande kyrkjegard/gravplass og bedehus (Ljosheim) vert uendra i forhold til gjeldande kommunedelplan for Dale, der areala er avsett til noverande grav- og urnelund og offentleg eller privat tenesteyting.

Området på Vollamyra er sett av til kombinert bebyggelse og anleggspåremål (BKB). Det er her tenkt at Vollamyra vert ei forlenging av område T/B i sør. Området på Vollamyra er i gjeldande kommunedelplan avsett til framtidig grav- og urnelund.

Endringane er i tråd med kommunestyret sitt vedtak 16.11.2015, der det vart vedteke gravplasslokalisering på Øyra i staden for Volamyra.


### 4.2 Arealrekneskap

| Arealføremål   | SOSI-kode | Areal                | Feltkode |
|--|-----------|----------------------|----------|
| Offentleg eller privat tenesteyting                        | 1160      | 2314 m <sup>2</sup>  | BOP      |
| Andre typar bebyggelse og anlegg                           | 1500      | 213 m <sup>2</sup>   | BAB      |
| Grav- og urnelund  | 1700      | 18895 m <sup>2</sup> | BGU      |
| Kombinert bebyggelse og anleggspåremål                     | 1800      | 11227 m <sup>2</sup> | BKB      |
| Trase for teknisk infrastruktur                            | 2100      | 8263 m <sup>2</sup>  | STI      |
| Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone | 6001      | 11176 m <sup>2</sup> | V        |
| Totalt   |           | 52089 m <sup>2</sup> |          |

Planområdet er på totalt 52 daa, der 7,2 daa er avsett til noverande grav- og urnelund og 11,6 er avsett til framtidig grav- og urnelund på Øyra.

### 4.3 Plankart

Plankartet er teikna etter Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin nasjonale produktspesifikasjon, og synt i figur 27.



Figur 27 - Ny arealbruk for Øyra og Vollamyra

### 4.4 Arealføremål (pbl § 11-7)

#### 4.4.1 Bebyggelse og anlegg (pbl § 11-7 nr. 1)

Offentleg eller privat tenesteyting (BOP):

Innanfor område BOP er det lagt til rette for gjeldande bruk, der bedehuset Ljosheim er lokalisert.

Området skal inngå i ein samla detaljreguleringsplan for ny gravplass på Øyra.

Andre typar bebyggelse eller anlegg (BAB):

Innanfor område BAB er det tilrettelagt for eksisterande bruk av arealet til kommunalt avløpsrensaneanlegg.

Området skal inngå i ein samla detaljreguleringsplan for ny gravplass på Øyra.

Grav- og urnelund (BGU):

Innanfor område BGU1 er det tilrettelagt for eksisterande bruk av Dale kyrkje og kyrkjegard/gravplass.

Innanfor område BGU2 er det tilrettelagt for opparbeiding av ny gravplass på Øyra.

Begge områda må inngå i ein samla detaljreguleringsplan for ny gravplass på Øyra.

Kombinert bebyggelse og anleggsføremål (BKB):

Innanfor område BKB er det tilrettelagt for opparbeiding av ein kombinert bruk til tenesteyting og bustad, med krav til detaljreguleringsplan. Området kan vere aktuelt for framtidig bruk til omsorgsbustadar.

#### 4.4.2 Samferdslesanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7 nr. 2)

Trase for teknisk infrastruktur (STI):

Innanfor område STI1 er det tilrettelagt for flaumvoll, for å sikre området på Øyra mot 200-årsflaum.

Innanfor område STI2 er det tilrettelagt for opparbeiding av elveforbygging/flaumsikring, for å sikre området ved eksisterande gravplass/kyrkjegard mot 200-årsflaum.

Områda er lagt inn som avbøtande tiltak i samband med den kartlagt flaumfaren langs Storelva.

#### 4.4.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl § 11-7 nr. 6)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (V):

Storelva er lagt inn med dette arealføremålet.

### 4.5 Omsynssoner (pbl § 11-8)

#### 4.5.1 Sikrings- støy og faresoner (pbl § 11-8 a)

Støysone (H220):

Gul støysone langs fv. 57 ved Vollamyra. Dette er ei vurderingssone, der kommunen bør vise varsemd med å tillate bygningar med støyfølsamt bruksføremål, men der dette likevel kan oppførast dersom avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold. Det er sett krav om tiltak for å redusere støyforholda før bygningar med støyfølsamt bruksføremål kan oppførast innanfor omsynssona i føresegnene.

Faresone – flaum (H320):

Faresone for flaum langs Storelva (H320\_1 og H320\_2) og Hatledalselva (H320\_3), på Øyra og Vollamyra. Faresonene baserar seg på flaumkartlegginga som blei gjennomført av Sweco i

2017. Det er lagt til grunn 200-årsflaum, som er dimensjonerende for tryggleiksklasse F2 i TEK17 § 7-2. Tryggleiksklasse F2 omfattar dei fleste bygg berekna for personopphald. Innanfor faresonene for flaum er det i føresegnene sett krav til opparbeiding av nødvendig flaumsikring før det gjevast løyve til nye tiltak.

#### 4.5.2 Sone med særleg krav til infrastruktur med oppgjeving av type infrastruktur (pbl § 11-8 b)

Omsyn - Bygge/anleggstiltak kan tillatast (H122):

I ei sone over Storelva er sett av ei omsynssone (H122). Innanfor denne sona kan det regulerast og opparbeidast 1 gangbru. Sona er sett breitt, for å gje fleksibilitet i detaljreguleringsplanen.

#### 4.5.3 Sone med særleg omsyn til landbruk, reindrift, mineralressursar, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med oppgjeving av interesse (pbl § 11-8 c)

Omsynssone - friluftsliv (H530):

Storelva er avsett med omsynssone H530, i tråd med dei kartlagde friluftslivsområda som blei gjennomført i 2019. Elva er klassifisert som «registrert friluftsområde» og type strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag.

Omsynssone - bevaring kulturmiljø (H570):

Dale kyrkjegard er i gjeldande kommunedelplan for Dale avsett med ei omsynssone – kulturmiljø. Denne sona vert vidareført. Føremålet med omsynssona er å ivareta heilskapen og dei historiske kvalitetane ved kyrkja og kyrkjegarden.

#### 4.5.4 Sone med krav om felles planlegging for fleire eigedomar, herunder med særlege samarbeids- eller eigarformer, samt omforming og fornying (pbl § 11-8 e)

Omsynssone – krav til detaljreguleringsplan (#1):

Områda på Øyra og Vollamyra har krav om detaljreguleringsplan før utbygging.

#### 4.5.5 Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde uendra (pbl § 11-8 f)

Omsynssone – reguleringsplan skal framleis gjelde (H910):

Delar av området på Vollamyra er inkludert i nyleg vedteken detaljreguleringsplan for Steien (planID 201603). Det gjeld nytt kryss mellom Fv. 57 og Jarstadvegen inkludert fylling. Denne detaljreguleringsplanen skal framleis gjelde for denne delen av Vollamyra.

## 4.6 Rekkefølgeføresegner

### 4.4.1 Flaumsikring

Det settast krav om at før ny gravplass på BGU2 kan takast i bruk, skal området flaumsikrast med flaumvoll.

#### 4.4.2 Geoteknisk undersøking

Det settast krav om at det i samband med detaljreguleringsplan skal det gjennomførast ei geoteknisk kartlegging av område BGU2. Kartlegginga skal gjerast av fagkyndige.

#### 4.4.3 Støy

Det settast krav om at det i samband med detaljreguleringsplan skal gjennomførast ei støyberekning langs den kommunale vegen Bjerga, ved område BGU2.

## 5. Konsekvensutgreiing (KU)

### 5.1 Metode

For kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging, skal planomtalen innehalde ei særskilt vurdering og skildring – konsekvensutgreiing – av planen sine verknadar for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova § 4-2.

Konsekvensutgreiinga for kommunedelplanen er ei overordna vurdering som tek utgangspunkt i eksisterande kunnskapsnivå og kjende registreringar. Vurderinga skal avgrensast til det som er naudsynt for å ta stilling til ny eller endra arealbruk. For større tiltak må ein pårekne å gjere nærare utgreiingar for aktuelle/utvalde tema.

Det er utarbeidd eit skjema som skal nyttast i utgreiinga av dei to områda. I konsekvensutgreiinga skal ein gjere ei verdivurdering av områda og vurdere konsekvensar av endra arealbruk.

Verdivurderinga er delt i liten, middel og stor verdi.

Liten verdi: Område utan kjende registreringar.

Middels verdi: Område med kjende registreringar av lokal verdi.

Stor verdi: Område med kjende registreringar av regional og/eller nasjonal verdi.

Konsekvens av endra arealbruk vert gitt med ein verdi mellom -3 (stor negativ konsekvens) og +3 (stor positiv konsekvens).

Tema som skal konsekvensutgreiast ved ny arealbruk er vist i tabellen under. Temautvalet er bearbeidd og basert på lista for aktuelle tema skildra i planprogrammet. Friareal er erstatta med friluftsliv, folkehelse og nærmiljø. Det er i tillegg lagt til ei rekke tema, som ikkje er lista opp i planprogrammet, men som vert vurdert til å vere naudsynt å utgreie på nytt. Utgreiinga for kvart tema byggjer på det skildra kjeldegrunlaget. I tillegg til desse kjeldene er det nytta lokalkunnskap og skjønn i vurderingane.

| Tema                           | Utgreiing   | Kjelder   |
|--------------------------------|---|---|
| Universell utforming           | Vurdere om tiltaket utløyer krav om tilrettelegging/universell utforming  | TEK17   |
| Samfunnstryggleik og beredskap | Utgreie risikosituasjonen for uønska hendingar og avdekke kva utbyggingsområde som har uakseptabel høg risiko og kva som kan gjerast for å minske risikotilhøva | ROS-analyse.<br>Flaumfarekartleggingar.<br>Rettleiar «Havnivåstigning og stormflo» (DSB).<br>Lausmassekart (NGU).<br>Lokalkunnskap. |


|                                      |  |  |
|--------------------------------------|--|--|
| Naturmangfald                        | Avdekke mogleg konflikt med naturmangfaldlova §§ 8-12.   | Miljødirektoratet sin naturbase.   |
| Landbruk                             | Avdekke mogleg konflikt med jordvern, skogbruk og beiteområde.   | NIBIO sin AR5-base<br>Lokalkunnskap<br>Fylkesdelplan for landbruk.   |
| Landskap og estetikk                 | Avdekke mogleg konflikt med verdifulle landskap, kulturlandskap, makrolandskap og strandsona.  | Grunnkart, ortofoto, synfaring, lokalkunnskap.<br>Kommuneplanen sin samfunnsplan.  |
| Kulturminne og kulturmiljø           | Avdekke eventuell konflikt med freda eller verneverdige kulturminne eller kulturmiljø.   | Riksantikvaren sin database «Askeladden».<br>Lokalkunnskap.<br>Kommuneplanen sin samfunnsdel.<br>Stadanalyse, Dale   |
| Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø  | Avdekke om det er friluftsliv- og rekreasjonsinteresser i utbyggingsområdet, eller om tiltaket har konsekvensar for folkehelse, samt avdekke mogleg konflikt med nærmiljøet. | Planframlegg - kommuneplanen sin arealdel 2020-2032.<br>Kartlegging av friluftslivsområder i Fjaler.<br>Regional plan for folkehelse 2015-2025.<br>Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.<br>Lokalkunnskap. |
| Born og unge                         | Avdekke om tiltaket er i konflikt med born og unge sine interesser og oppvekstvilkår.  | Born og unge sin representant.<br>Lokalkunnskap.<br>Kommuneplanen sin samfunnsdel.   |
| Infrastruktur og offentlege tenester | Utgreie nærleik til offentlege tenesteytingar, og vurdere korleis tiltaket passar inn i eksisterande og planlagt infrastruktur.  | Kommuneplanen sin samfunnsdel.<br>Grunnkart, ortofoto.<br>Lokalkunnskap.   |

## 5.2 Utgreidde område

I konsekvensutgreiinga vert utgreiinga delt i to område, Øyra og Vollamyra.

### 5.2.1 Øyra og Dale kyrkjegard

**Kart:**



#### **Framlegg til ny arealbruk:**

Grav- og urnelund, framtidig (BGU2), trase for teknisk infrastruktur (STI1 og STI2)

#### **Forslagstillar:**

Fjaler kommune

#### **Storleik/omfang:**

|                                 |          |
|---------------------------------|----------|
| Grav- og urnelund, framtidig    | 11,6 daa |
| Trase for teknisk infrastruktur | 8,2 daa  |

#### **Eksisterande arealbruk:**

Bustad, grønstruktur, offentleg tenesteyting, andre typer bebyggelse og anlegg


#### **Skildring av området:**

Øyra ligg ved utløpet av Storelva på vestsida, og er som namnet tilseier ei elveøyr. Området er relativt flatt, ca 2,5 moh. Største delen av Øyra er gruslagt medan elvebreidda er dekkja av vegetasjon typisk for brakkvassdelta. I sør grensar området mot Elvetun barnehage og ei volleyballbane. I vest grensar området til ein veg som skil det frå bustadområdet på Dalsøyra.

| Tema                           | Verdi | Konsekvens | Merknad  |
|--------------------------------|-------|------------|--|
| Universell utforming           | L     | +2         | Planen legg til rette for auka tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne, med ny gravplass med internveggar og ny universell utforma gangbru over Storelva. Ein kan dermed komme seg frå Øyra/Bjerga/Bjergelia til sentrum, utan å krysse brua på den kommunale vegen Bjerga.   |
| Samfunnstryggleik og beredskap | M     | +2         | <p>Store delar av Øyra vil stå under vatn ved ein 200-årsflaum. Dette er dokumentert av Fjaler kommune si flaumfarekartlegging utført i 2017 av Sweco, og Norconsult i 2018. Planen legg til rette for opparbeiding av flaumvoll langs nordsida av Storelva, innanfor område ST11. Dette gjer at heile Øyra vert sikra mot 200-årsflaum.</p> <p>Konsekvensen av at det opparbeidast flaumvoll er at vatnet må strøyme ein annan veg ved ein flaum. Dette er berekna og vurdert av Norconsult i sin rapport frå 2018. Flaumsonekarta syner at ved ein 200-årsflaum inkl. 40% klimapåslag er vasstanden høgare og at noko større vassdekkare areal etter etablering av flaumvollen i området like nord for vestre ende av Jakob Sandes veg, samanlikna med eksisterande situasjon. Berekningane viser at bygga her allereie er berørt ved eksisterande situasjon, og kun eitt bygg vil bli berørt som resultat av dei auka vassmengdene etter etablering av flaumvollen. Dette er synt i figur 27 under.</p> |
| Naturmangfald                  | L     | 0          | Området langs Storelva er kartlagt av fagkyndig biolog i mai 2020 (Norconsult AS). Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlista artar i området.   |
| Landbruk                       | L     | 0          | Noko aktiv landbruksjord vert omdisponert til trase for teknisk  |

|                                     |   |    |   |
|-------------------------------------|---|----|---|
|                                     |   |    | infrastruktur. Arealet framstår som lite samanhengande, og har liten verdi som landbruksjord.   |
| Landskap og estetikk                | M | -1 | <p>Øyra utgjer ein del av Dale sentrum, og er nær tilknytt Dale kyrkje. Området ligg på ei flat elveslette/flaumslette ved utløpet der Storelva renn ut i Dalsfjorden.</p> <p>Flaumvollen vil medføre ei noko endra landskapsform, der terrenget vert heva ca 2 meter langs elvebreidda.</p> <p>Gravplassen må også hevast i forhold til dagens terrenghøgde. Dette vil medføre vesentleg karakterendring for elvedeltaet og betydeleg endre utsikt får og til området. Samstundes vil ein godt opparbeidd gravplass kunne vere ei grøn lunge i Dale sentrum.</p> |
| Kulturminne og kulturmiljø          | L | 0  | Det er ingen kjende registreringar i området. Øyra blei tilført massar då Dale vidaregåande skule blei bygd på 1980-talet, så det er lite potensiale for funn på området avsett til ny gravplass.   |
| Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø | M | +1 | Området er langs nordsida av Storelva er brukt til friareal og rekreasjon. Det er opparbeidd ei sandvolleyballbane, som er mykje brukt om sommaren. Denne må flyttast/fjernast. Planen legg til rette for opparbeiding av gravplass med interne gangveggar, benkar, grønne areal og beplanting. Det er også tankar kring ein elvesti langs flaumvollen, som på sikt kan koplast saman med elvestien frå Bjergelia. Samla sett vil konsekvensane av ein ny gravplass føre til at området vert finare tilstelt og lettera tilgjengeleg for ålmenta.                 |
| Born og unge                        | L | 0  | <p>Gravstaden vil ligge svært nærme Elvetun barnehage. Gravplassen vil ikkje få noko negativ konsekvens for barnehagen.</p> <p>Gravferdsforskrifta seier at gravplassar kan og bør ha ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass</p>  |

|                                      |   |   |  |
|--------------------------------------|---|---|--|
|                                      |   |   | <p>skal skjermast mot støy i samsvar med gjeldande retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging.</p> <p>Området er noko brukt av born og unge til leik og rekreasjon, men framstår ikkje som eit tilrettelagt område for born og unge slik det ligg i dag. Planen legg opp til ny gangbru over Storelva, noko som vil føre til ein tryggare skuleveg ved at ein slepp å krysse brua på den kommunale vegen Bjerga. Dette er ei smal bru utan fortau.</p> |
| Infrastruktur og offentlege tenester | L | 0 | Planen legg opp til etableringa av ny gangbru over Storelva. Elles berører ikkje tiltaket offentlege tenester.   |



Figur 28 - Flaumsituasjon etter etablert flaumvoll, Q200 med 40% klimapåslag (Norconsult 2018)

### Samla vurdering:

Området ligg flaumutsett til og for å gjere gravplassen i størst grad erosjonssikker, samt imøtekomme omsynet til å redusere og unngå naturskade for lokalsamfunnet, så vil landskapsinngrepa vere store og betydelege for nærmiljøet og naturmangfaldet.

Planen legg opp til etableringa av flaumvoll langs nordsida av Storelva, noko som vil resultere i at heile Øyra vert sikra mot 200-årsflaum. Flaumvollen vil ikkje endre flaumsituasjonen vesentleg for eksisterande bygningar langs sørsida av Storelva.

Lokalisering av ny gravplass på Øyra vil vere positivt med tanke på drift og vedlikehald, sidan det ligg så nær Dale kyrkje og eksisterande gravplass.

Ei ny gangbru over Storelva vil føre til ein tryggare skuleveg for born og unge, og ny elvesti kan i framtida koplast saman med elvestien frå Bjergelia. Dette kan bidra til auka bruk av området til friluftsliv og vere ein positiv faktor for folkehelsa.


Den planlagde gravplassen ligg tett på eksisterande barnehage, busetnad og kommunal veg Bjerga i vest og nord. Gravplassen vil truleg ikkje ha noko vesentleg negative verknadar for omkringliggende område, men nærleiken kan vere negativt for gravplassen.

Gravferdsforskrifta seier at regulert areal til ny gravplass eller utviding av gravplass skal om mogleg også omfatte ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal skjermast mot støy i samsvar med gjeldande retningslinjer for behandlinga av støy i arealplanlegging.

Dette er forhold som må vurderast nærare i detaljreguleringsprosessen.

### 5.2.2 Vollamyra

#### Kart:



#### Framlegg til ny arealbruk:

Kombinert bebyggelse og anleggsformål, framtidig (BKB)

Bustader og offentlig eller privat tenesteyting

**Forslagstillar:**

Fjaler kommune

**Storleik/omfang:**

11,2 daa

**Eksisterande arealbruk:**

Grav- og urnelund, framtidig

**Skildring av området:**

Området ligg midt i nedre delen av dalen Dale. Aust for området er det ein bratt skråning opp til fylkesvegen. Nordre del av området grensar til Klokkargarden/Jakob Sande-tunet og kunstgrasbana ved Fjaler ungdomsskule. Mot sør grensar området mot ungdomshuset Trudvang, kommunal veg Jarstadvegen og bustadområde. I vest går Hatledalselva som tidvis flaumar over. Nordlege del av området har kjende problem med høgt grunnvatn. Området er dyrka mark i dag og store delar av området vert slått.

Det er tenkt at området kan vere eigna til etablering av omsorgsbustadar då det er nærme sentrum (særleg med etablering av gangveg via Klokkargarden).

Alternativt kan området nyttast til private bustader som ei utviding av eksisterande bustadfelt i vest langs elva.

| <b>Tema</b>                    | <b>Verdi</b> | <b>Konsekvens</b> | <b>Merknad</b>  |
|--------------------------------|--------------|-------------------|---|
| Universell utforming           | L            | 0                 | Planen legg til rette for utbygging av området til bustadar eller omsorgsbustadar. Området vil bli sikra utbygd med universell utforming gjennom føringar i TEK17. Slik området ligg i dag har det liten verdi som universelt utforma areal.  |
| Samfunnstryggleik og beredskap | L            | +1                | Flaumfarekartlegging og ROS-analyse av området har konkludert med at nesten heile området ligg innanfor flaumsone for 200-årsflaum langs Hateldalselva. Planen sett krav til elveforbygging/flaumsikring før området kan utbyggast. Dette er tiltak som vil gjere området tryggare mot flaum. |
| Naturmangfald                  | L            | 0                 | Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlista artar i området, og det er   |

|                                     |   |    |   |
|-------------------------------------|---|----|---|
|                                     |   |    | ikkje sannsynleg at det finst slike førekomstar i området.  |
| Landbruk                            | L | -1 | Området på Vollamyra vert i dag nytta til landbruksareal. Området ligg i nær tilknytning til landbruksarealet i sør mot Jarstadvegen, men begge desse landbruksareala er i gjeldande kommunedelplan avsett til utbyggingsføre mål. Områda er avgrensa frå dei store landbruksareala på Steia på grunn av Hatledalselva. Verdien på dette landbruksarealet vert derfor vurdert som liten.  |
| Landskap og estetikk                | M | -1 | Tiltaket grip ikkje inn i særskild verdifullt landskap, men det er truleg at området grunna høgt grunnvatn må påfyllast massar for å kunne nyttast til utbygging. Dette vil medføre ei endring av det naturgitte landskapet og ei heving av terrenget vil medføre endra utsyn for naboeigedommane.  |
| Kulturminne og kulturmiljø          | L | 0  | Det er ingen kjende registreringar i området. Det blei registrert automatisk freda kulturminne på Steia, ved regulering av nytt bustadfelt. Potensialet for funn på Vollamyra vert derfor vurdert som middels/stort. Ei eventuell kulturminneregistrering må truleg gjennomførast i detaljreguleringsprosessen, i regi av fylkeskommunen i Vestland.  |
| Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø | L | +1 | Området på Vollamyra er i dag lite brukt til friluftsliv, rekreasjon og turområde. Tiltaket kan ha ein positiv effekt på folkehelsa og dei bustadsosiale tilhøva ettersom bebruarane kjem tett på helsetenestene og sentrum. Tiltaket kan også ha ein positiv effekt på nærmiljøet ved at ein får ei betre kopling mellom Dingemoen/Steia-området og sentrum. Dette forutset tilrettelegging av gode gangveggar gjennom området, gode |

|                                      |   |    |   |
|--------------------------------------|---|----|---|
|                                      |   |    | internsoner og buffersoner mellom ulike typar aktivitet.  |
| Born og unge                         | L | 0  | Området er lite brukt av born og unge til leik og rekreasjon, og framstår ikkje som eit tilrettelagt område for born og unge slik det ligg i dag.                         |
| Infrastruktur og offentlege tenester | L | +1 | Samlokalisering av helsetenestene vil effektivisere drifta. Området må tilretteleggast med gangveggar som bind området saman med sentrum i nord og Dingemoen/Steia i sør. |

### Samla vurdering:

Samlokalisering av sjukeheim, omsorgstenester og andre helsetenester vil effektivisere drifta av tenestene. Området er sentrumsnært og ved opparbeiding av gangveggar gjennom området vil det knyte sentrum saman med Dingemoen/Steia, og ein vil få etablert ein alternativ skuleveg til den langs fylkesvegen.

## 5.2 Vurdering etter Naturmangfoldlova

### Naturmangfoldlova § 8 – Kunnskapsgrunnlaget

*Offentlige beslutningar som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*

#### Vurdering:

Kunnskapsgrunnlaget baserar seg på kjende registreringar i Miljødirektoratet sin naturbase. I tillegg har Fjaler kommune supplert med eiga kartlegging av naturmangfold utført av fagkyndig biolog i mai 2020 (Norconsult AS). Samla sett vert kunnskapsgrunnlaget som er lagt til grunn i planen vurdert som tilfredsstillande.

### Naturmangfoldlova § 9 – Føre-var-prinsippet

*Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.*

#### Vurdering:

Det er registrert nokre asketre på austsida av elva som er raudlista som sårbar (VU). Desse trea vert uansett ikkje råka at utbygging av ny gravplass. Anna enn det er det ikkje registrert

viktige naturtyper eller raudlista artar i planområdet, og det er ikkje sannsynleg at det finst slike førekomstar i området. Det vert derfor vurdert at planen ikkje legg opp til risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet.

Naturmangfaldlova § 10 – Økosystemtilnærming og samla belastning

*En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.*

Vurdering:

Randsona langs vestsida av Storelva skal revegeterast etter opparbeiding av flaumvoll, og det skal brukast eksisterande jordmassar til dette arbeidet. Økosystemet langs elva vil verte påverka av utbygginga av flaumvollen, men randvegetasjonen skal revegeterast etter ferdig utbygging, og tilbakeførast til noverande situasjon. Det er i føresegnene sett krav til at det skal revegeterast i eit belte på 15 m breidde langs Storelva, og at ein skal bruke eksisterande jordmassar til dette. Det skal ikkje gjerast inngrep i elva.

Samla sett vert det vurdert at planframlegget er i tråd med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

## 5. Vurdering av innkomne merknadar

| Etter varsel om planoppstart:                          |  |   |
|--|--|---|
| Avsendar   | Merknad  | Vurdering   |
| Den Norske kyrkja, Bjørgvin bispedømeråd<br>22.01.2016 | <p>Bjørgvin bispedømeråd er positive til at Øyra vert avsett til gravplass. Vi viser her til det vi skreiv i fråsegn 10. august 2015. Der refererte vi mellom anna til ei fråsegn frå rådgjevar for gravplassaker, Åse Skrøvset som har vore på synfaring i Dale sommaren 2015. Ho skriv mellom anna følgjande i brev dagsett 8. august:</p> <p><i>Det synes enklere å opparbeide en funksjonell og estetisk god gravplass på Øyra. Dette området har visuell kontakt med eksisterende gravplass og kirken, avstanden mellom kirkebygg og gravplass er kortere og området har en mer sentral beliggenhet. Det aktuelle området på Øyra er allerede oppfylt og argumentene om at en gravplass vil ha negativ innvirkning på naturmiljøet virker lite logisk. Grøntdraget langs elva kan opprettholdes selv om gravplassen anligges her. Eventuelle negative virkninger som gravplassen skulle få for barnehage og boliger kan løses i form av buffersoner med beplantning og oppfyllingen kan trappes ned med murer og beplantede skråninger/terrasser.</i></p> | Teke til orientering.   |
| NVE<br>15.02.2016                                      | <p>Avgjer om lokalisering av gravplass bør takast med god kunnskap om flaum- og erosjonsfare, samt grunnvassnivå. Kunnskap om dette vil legge føringar for kva tiltak som må gjennomførast for å legge til rette for ein flaum- og erosjonssikker gravplass. I desse vurderingane bør effekten av venta klimaendringar for havnivå og flaumstorleik takast med. For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn ca. 100 km<sup>2</sup> må ein rekne med</p>  | <p>Det er gjennomført flaumkartlegging av 2 forskjellige konsultentselskap, Sweco AS (2017) og Norconsult AS (2018). Flaumutsett areal er synt i plankartet med omsynssone – fareområde flaum (H320),</p> |

|   |  |  |
|---|--|--|
|   | <p>minst 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50-100 år.</p> <p>NVE vil rå til at det vert gjennomført flaumsonkartlegging for området dersom det ikkje kan utelukkast at flaum kan nå det arealet som er tenkt nytta til gravplass. Flaumutsett areal må syne i plankartet som omsynssone Fareområde flaum, og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad.</p> <p>Fjaler kommune bør legge til grunn at eventuell flaum- og erosjonssikring vert gjennomført utan å gjere inngrep i elva og kantvegetasjonen. Dersom det til dømes vert aktuelt å heve areal som er flaumutsett må det gjerast greie for kva konsekvensar dette får for flaum- og erosjonsfaren for tilstøytande areal.</p> <p>Arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag bør nyttast til å merke vassstreng og kantsoner. Elv med kantsone kan regulerast til «Natur og friluftsliv». Vi syner til vassressurslova § 11 om kantvegetasjon. Kommunen kan fastsette breidda på vegetasjonsbeltet i planen.</p> | <p>med tilhøyrande føresegner.</p> <p>Planen legg opp til etablering av flaumvoll og elveforbygging i området langs elva. Det vert lagt opp til revegetering av randvegetasjon. Det vert ikkje lagt opp til inngrep i elva.</p> <p>Vasstreng er avsett til bruk og vern sjå og vassdrag.</p>   |
| <p>Vevang<br/>Produksjon AS<br/><br/>17.02.2016</p> | <p>Styret i Vevang Produksjon AS fatta følgjande vedtak 17.12.2015:</p> <p><i>Dagleg leiar skal utgreie moglegheiter og tidsperspektiv for å bygge/etablere verksemd på Vollamyra. Vedtak 28/15 erstattar vedtak i sak 21/15.</i></p> <p>Vevang Produksjon AS sitt innspel til delar av kommunedelplanen vert difor at eventuelle endringar på føremålet i den nye reguleringa av området på Vollamyra, omfattar drifta til Vevang Produksjon AS.</p> <p>Vevang Produksjon AS er ei vekstbedrift som leverer tenester til NAV og andre kundar innan arbeid, velferd, inkludering, kartlegging og kompetansebygging og framstilling av</p>  | <p>Området på Vollamyra er føreslått avsett til kombinert bebyggelse og anleggsformål, bustadar og offentleg eller privat tenesteyting. Kva bruken av området vert, er ikkje avklara på noverande tidspunkt. Dette må nærare avklarast i detaljreguleringsplan. Vevang Produksjon AS si drift kan falle inn under privat tenesteyting, så arealføremålet</p> |

|  |   |  |
|--|---|--|
|  | tenester og produkt i høve etterspurnaden. Verksemda vil ha trong for eit areal på 5 mål tomt for å imøtekomme framtidige behov for levering av vaskeritenester.  | ekskluderar ikkje denne type bruk.   |
| Den Norske Kyrkja<br>Fjaler sokneråd<br>24.02.2016 | Fjaler sokneråd har i samråd med kyrkjegardskonsulenten/gravplassrådgjevaren, sidan 1997 peika på Øyra som det naturlege valet for plassering av ny gravplass i Dale. Soknerådet er difor svært glad for at kommunestyret i november 2015 gjorde vedtak om at Øyra er avsett til gravplass, og har ingen merknad til planprogrammet som rådet har fått tilsendt. Soknerådet føreset at det er heile det tilgjengelege arealet på om lag 8 daa som blir regulert, og at bru over elva blir med i planane.  | Teke til orientering.<br>Heile området på Øyra er teke med som framtidig gravplass, inkludert eit areal til mogleg parkeringsplass. Det er også lagt opp til ny gangbru over Storelva.   |
| Fylkesmannen i Sogn og Fjordane<br>26.02.2016      | <b>Natur og miljø:</b><br>I KU som blei utarbeidd ved kommunedelplanprosessen går det fram av den landskapsøkologiske analysa for Dale at Øyra er del av elvedeltaet til Dalselva med både saltvass- og ferskvassfauna. Vidare at dette er ein sterkt truga naturtype, og eit unikt og svært artsrikt leveområde for både sjeldne og vanlege våtmarksfuglar og strandeigenartar. Landskapsøkologisk er elvedeltaet vurdert som det mest betydningsfulle området i Dale, og sjøfugl og våtmarksfugl finn føde der heile året.<br>Vidare ser me at bruk av Øyra vil medføre ei heving av landskapet på min. 1,3 meter over dagens nivå, og gje ei vesentleg karakterendring av elvedeltaet.<br>Øyra vart med bakgrunn i dette ikkje tilrådd som gravplass i konsekvensutgreiinga til kommunedelplanen. Det får fram at tiltaket kjem i konflikt med omsyn til naturmangfald, særleg verdifulle naturtypar og landskap, og det er vist til at det bør finnast ein meir eigna lokalitet som ivaretek omsynet til nærmiljøet og naturmangfaldet betre. | <b>Natur og miljø:</b><br>Fjaler kommune har engasjert Norconsult AS til å gjere ei ny kartlegging av naturmangfoldet langs Storelva. Kartlegginga konkluderte med at det ikkje blei gjort funn av viktige naturverdiar som er i konflikt med planane om ny gravplass på Øyra. I området som blei undersøkt er det øyene i øvste del av elva som har størst verdi. Desse øyene vert ikkje påverka av planane om flaumvoll.<br>Elvedeltaet det er snakk om strekk seg frå brua over Storelva og ut til sjøen. Dette området vert ikkje påverka av utbygginga.<br>Kommunestyret har vedteke at gravplassen |

|  |   |   |
|--|---|---|
|  | <p>Kantvegetasjonen representerer spesielt rike og verdifulle område med stort artsmangfald, han aukar fiskeproduksjonen og reduserer eventuell ureining til vassdrag. Av omsyn til både fiskeinteresser og biologisk mangfald, ser me det som viktig at eventuelle inngrep i elvekant og kantvegetasjon vert minimerte, og at det blir oppretthalde eit grøntbelte som er breitt nok til å vera ei funksjonell buffersone mellom elva og dei ulike tiltaka som er aktuelt i området. Me viser til § 11 i vassressurslova der det m.a. heiter: <i>”Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr”</i>.</p> <p>Me ser at spørsmålet om lokalisering av ny gravstad skaper stort engasjement, og at det er delt syn på lokaliseringa. Kommunen vurderte fire ulike alternativ i kommunedelplan-prosessen. Etter vårt syn er lokaliseringa ved Øyra den mest konfliktfulle. Planprogrammet peikar etter vårt syn på fleire viktige forhold som må vurderast dersom det skal veljast eit anna alternativ enn den lokaliseringa som vart vedteken 07.09.2015. Me rår kommunen til å følgja opp tilrådingane i konsekvensutgreiinga som vart gjennomført ved kommunedelplanprosessen, og å ta vare på viktige naturverdiar i området ved Øyra. Konsekvensutgreiinga til kommunedelplanen er tydeleg på at det bør finnast ein lokalitet som ivaretek omsynet til nærmiljøet og naturmangfaldet betre enn Øyra. Utover dette viser me til fråsegna vår til oppstart av arbeid med arealdelen til kommuneplanen dagsett 29.04.2013, og fråsegnene våre ved høyringane av kommunedelplanen som vart vedteken 07.09.2015.</p> <p><b>Landbruk:</b></p> <p>Dersom det aktuelle området Vollmyra G1 vert disponert til bustad/tenesteyting, i staden</p> | <p>skal ligge på Øyra. Det må administrasjonen forhalde seg til og jobbe ut frå.</p> <p>På grunn av best mogleg utnytting av arealet, og behovet for areal, er flaumvollen planlagt etablert innanfor ei sone på 20 meter langs Storelva. Dette kan medføre at kantvegetasjon må fjernast i anleggsfasen. Det er derfor sett krav i føresegnene at det i eit belte på 15 meter breidde langs Storelva skal revegeterast med bruk av eksisterande jordmassar.</p> <p><b>Landbruk:</b></p> <p>Teke til orientering.</p> <p>Det vert lagt inn føringar om høg arealutnytting for området på Vollamyra.</p> <p><b>Samfunnstryggleik og beredskap:</b></p> <p>Teke til orientering. Forholda knytt til naturfare er godt belyst og vurdert i planen, og det er teke tilstrekkeleg omsyn til dette i form av omsynssoner og føresegner.</p> |
|--|---|---|

|   |  |  |
|---|--|--|
|   | <p>for framtidig gravplass, tilrår me at det vert lagt føringar i planen om høg arealutnytting. Så langt det gjeld spørsmål om gravstadlokalisering på Øyra, har me med tanke på landbruksinteressene ikkje merknadar til arealbruken. Me viser elles til fråsegna vår med landbruksfaglege merknadar til kommunedelplanen som vart vedteken i 2015.</p> <p><b>Samfunnstryggleik og beredskap:</b></p> <p>På grunn av stor saksmengde og manglande kapasitet viser me til tidlegare fråsegner til kommunedelplanen som vart vedteken i 2015.</p>   |  |
| <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune</p> <p>26.02.2016</p> | <p><b>Kulturminne:</b></p> <p>Det er i dag ikkje kjent kulturminne i dei to aktuelle områda. Vi tek likevel atterhald om at det kan finnast ikkje-registrerte automatisk freda kulturminne i areala. Areal har potensiale for spor etter gardsbusetnad i førhistorisk tid og mellomalder i form av gardstun og åkrar. Frå anna arkeologisk materiale, til dømes dei tidlegare Tinghaugane i noverande Dale sentrum, veit vi at Dale hadde ein solid gardsbusetnad i førhistorisk tid. Gardstun og åkrar frå same tida er ikkje dokumentert enno.</p> <p>Det vil såleis vere aktuelt å gjennomføre tiltakshavar si undersøkingsplikt § 9 etter lov om kulturminne. Ut frå tilgjengelege kjelder har også arealet på Øyra tidlegare vore fulldyrka mark. Vi ser ut frå flyfoto at det ville vere interessant å få opplysningar om seinare tids arealbruk i dette området.</p> <p>Ei kulturminneregistrering kan gjerast i samband med kommunedelplanarbeidet. Det gjeld begge areala. Eventuelt kan det gjerast i samband med detaljplan. Ved siste løysing vil vi for ordens skuld ikkje sei oss einige i arealbruken i samband med høyring av kommunedelplanen. Dette til orientering.</p> | <p>Teke til orientering.</p> <p>Tiltakshavar si undersøkingsplikt etter lov om kulturminne § 9, vert ivareteke gjennom prosessen med detaljregulering.</p> |
| <p><b>Etter varsel om utvida plangrense:</b></p>        |  |  |
| <p><b>Avsendar</b></p>                                  | <p><b>Merknad</b></p>  | <p><b>Vurdering</b></p>  |

|  |  |  |
|--|--|--|
| <p>Knut Os<br/>04.06.2020</p>                            | <p>Eigedomen vår har Storelva som nabo. I alle år har vi «levd» med den som nabo. Vi følgjer med dersom det er storflaum. Vi vil ikkje akseptere noko form for struping av elveløpet/elvebreidda. Ved flaum byggjer vassmassane seg opp i Kleberen, den fyller så opp halvøya til nabo Geir Harald Langeland/Evy Solheim. Nedanfor oss ligg Kirkehola. Ved begge desse fiskeplassane har terskelen vatnet må renne forbi endra seg. Steinmassar har lagt seg opp i aukande tempo. Nedanfor utløpet til Kleberen har dei to øyene vakse i storleik. Terskelen ut av Kirkehola har også auka/bygd seg opp.</p> <p>I følgje tidlegare nabo så blei Øyra fylt opp med dårleg masse frå Trolleskaret. Han meinte at det var for mykje leire i massen.</p> | <p>Det vil ikkje verte noko form for struping av elveløpet. Flaumvollen skal etablerast på land, og skal ikkje medføre inngrep i elva.</p>                     |
| <p>Statens vegvesen<br/>03.06.2020</p>                   | <p>Området der utvida plangrense ligg grensar til kommunalt vegnett. Vi minnar om at våre handbøker er gjeldande for all offentleg veg og at alle trafikale løysingar, også parkeringsplassar og gangtilkomst, knytt til varselet skal vere i samsvar med handbøkene. Fråvik frå desse skal vere godkjent av vegeigar før plan vert lagt ut på offentleg ettersyn.</p>   | <p>Teke til orientering.</p> <p>Statens vegvesen sine handbøker vert lagt til grunn i det vidare arbeidet med detaljreguleringsplan for Øyra og Vollamyra.</p> |
| <p>Elvetun barnehage v/Anny-Mari Holm<br/>09.06.2020</p> | <p>Elvetun barnehage ligg, slik eg les teikninga, som einaste bygning der det dagleg er folk i meir enn ni timar. I tillegg er det tenkt ein voll ganske så nær bygningen til barnehagen og uteområdet. Slik desse teikningane syner så verkar det som at Elvetun barnehage vil bli veldig innestengt.</p> <p>Eg ber om at kommunen legg ved teikningar av korleis dette vil sjå ut i frå barnehagen sitt område mot den planlagde vollen. Ber også om at de viser korleis utslepp, dreneringsvatn og liknande frå gravplassområdet vil gå.</p> <p>Eg har tidlegare i eige brev, datert 03.12.2018, til dåverande ordførar Gunnhild Berge Stang stilt same spørsmål utan å få svar. Eg ber om eit møte med dei ansvarlege i kommunen der</p>         | <p>Forhold knytt til utforming, utslepp, drenering og liknande vil avklarast i detaljprosjektering og detaljreguleringsplanen.</p>                             |

|                                       |   |   |
|---------------------------------------|---|---|
|                                       | eg får forklaring på tiltak som skal gjerast for å beskytte oss mot flaum og avrenning frå gravplassen.   |   |
| NVE<br>11.06.2020                     | <p>I vårt tidlegare innspel tilrådde vi at det blei gjennomført ei flaumsonekartlegging slik som no er utført. Det er her konkludert med at det må etablerast ein flaumvoll for å trygge arealet ved Øyra. Ein flaumvoll vil endre vassføringa i Storelva og konsekvensane for vassdraget må utgreiast i det komande planarbeidet dersom dette ikkje er gjort. Vi viser til vårt tidlegare innspel og ber om at flaumutsette areal vert vist i plankartet som omsynssone – fareområde flaum, og har tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før aktuelle tiltak kan finne stad.</p> <p>Fjaler kommune bør legge til grunn at sikringstiltak skal gjennomførast utan at det vert gjort inngrep i elva og kantvegetasjonen. Dersom det skulle vere aktuelt å heve arealet som er flaumutsett må konsekvensane av dette utgreiast med tanke på flaum og erosjonsfare for tilstøytande areal. Slik vi tidlegare har vist til bør arealbrukskategorien bruk og vern av sjø og vassdrag nyttast til å merke vasstreng og kantsoner. Elv med kantsone kan regulerast til «Natur og friluftsliv». Vi syner til vassressurslove § 11 om kantvegetasjon, breidda på vegetasjonsbeltet langs elva bør fastsetjast i planen.</p> | <p>Konsekvensane av å etablere flaumvoll er utgreia av Norconsult AS i 2018. Simuleringa syner at det kun er ein bygning (naust) som vil verte negativt påverka av flaumvollen.</p> <p>Alt flaumutsett areal er i plankartet vist med omsynssone – fareområde flaum (H320) med tilhøyrande føresegner.</p> <p>Planendringa legg opp til at flaumvoll kan etablerast langs elvebreidda. Grunngevinga for dette er at Fjaler sokn har spelt inn at dei treng alt arealet på Øyra til framtidig gravplass.</p> <p>Det er sett krav i føresegnene at kantvegetasjonen skal revegeterast i ei sone på 15 m breidde langs elva.</p> |
| Fylkesmannen i Vestland<br>11.06.2020 | <p>Me viser til merknadane under natur og miljø i fråsegna vår ved oppstart 26.02.2016. Me står fast ved at Øyra er den mest konfliktfulle lokaliteten av dei fire ulike alternativa som vart vurderte i kommunedelplanprosessen. Konsekvensutgreiinga til kommunedelplanen er tydeleg på at det bør finnast ein lokalitet som ivaretek omsynet til nærmiljøet og naturmangfaldet betre enn Øyra.</p>   | <p>Øyra er av kommunestyret valgt som plassering av framtidig gravplass i Dale, og det må administrasjonen forhalde seg til og jobbe ut frå.</p> <p>Planendringa legg opp til at flaumvoll kan etablerast langs elvebreidda. Grunngevinga for dette er</p>  |

|   |   |   |
|---|---|---|
|   | <p>Konsekvensane for vassdraget må utgreiast i planarbeidet. Me føreset at flaumvollen vert tilbaketrekt frå elva, og at det ikkje vert gjort inngrep i elva og kantvegetasjonen.</p>                 | <p>at Fjaler sokn har spelt inn at dei treng alt arealet på Øyra til framtidig gravplass.</p> <p>Det er sett krav i føresegnene at kantvegetasjonen skal revegeterast i ei sone på 15 m breidde langs elva.</p> |
| <p>Den Norske Kyrkja<br/>Fjaler sokneråd<br/>17.06.2020</p> | <p>Fjaler sokneråd har ikkje merknadar til den utvida plangrensa for endring av kommunedelplan for Dale. Soknerådet vil minne om at ein treng nytte alt tilgjengeleg areal på Øyra til gravplass.</p> | <p>Teke til orientering.</p>  |

## 6. Forslagsstillar sine egne vurderingar

---

Planframlegget er utarbeidd i tråd med nasjonale føringar, og legg til rette for detaljregulering av område til ny gravplass på Øyra og kombinert bustad/tenesteyting på Vollamyra.

Området på Øyra er utfordrande med tanke på flaumfare. Slik situasjonen er no er det fleire hus, kommunalt bufelleskap og privat barnehage som ligg innanfor faresone for 200-årsflaum. Ein flaumvoll vil tryggje både noverande bebyggelse og framtidig gravplass mot flaum. Fjaler kommune vil derfor peike på at dette prosjektet også kjem den eksisterande bebyggelsen til gode.

Plassering og utforming av flaumvollen vil bli nærare detaljert når kommunen går i gang med detaljprosjektering og detaljreguleringsplan for området.

Saka angående utviding av gravplass i Dale har pågått lenge, og Fjaler sokn har ved fleire høve uttrykt bekymring for kapasitet på eksisterande gravplass. Fjaler kommune ser det derfor som viktig at prosjektet no kjem vidare, og at ein kan gå i gang med detaljprosjektering og detaljreguleringsplan, som skal danne grunnlaget for ei utbygging i området.